

01 MARS 2022
ÅRGANG 55

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

Kyrkjebladet

Bli konfirmant
s. 4-5

**Engasjerte
Sanitets-
kvinner**
s. 6-7

**Sosialt på
Seniorsenteret**
s. 8-9



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Kristin Hjertaker

Redaksjonen: Ingvar Fløysvik, Tor Oddvar Holmefjord, Kristin Haukaas, Erik Rodal

Design og trykk: Bodoni AS

Opplag: 5700

Foto framside: Odd Mehus

Neste utgåve: 19. august. Matriellfrist 3. juni.

Arna kyrkjekontor

Telefon: 55 36 22 70

arna.menighet@kyrkja.no

Heimeside: kyrkja.no/arna

Facebook: @arnakyrkje

Arna kyrkjelydshus, Lakslia 21

kontortid tysdag, torsdag og fredag kl. 10-15

Soknerådsleiar: Hans Martin Svarstad

Sokneprest: Kristin Hjertaker

kh937@kyrkja.no

Tlf. 414 79 182

Adm. leiar: Marianne W. Fanebust

Kateket: Cathrine Snipsøyr

cs262@kyrkja.no

Tlf. 920 71 840

Trusopplærar: Gro Eman

ge427@kyrkja.no

Kyrkjetenar: Monica Ohr

mo886@kyrkja.no

Tlf. 412 04 198

Kantor: Olav Arne Steinkopf

oas377@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd

Tlf. 55 36 22 73

ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Heimeside: kyrkja.no/ytrearna

Facebook: @ytreamakyrkje

Ytre Arna kyrkjelydshus

Peter Jepsens veg 39

Opningstid kontor og Open kyrkje:

Onsdag 11.30-14.00

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik

if952@kyrkja.no

Tlf. 916 06 626

Adm.leiar: Benthe Vevle

Trusopplærar: Marianne Vevle Hjortland

mh798@kyrkja.no

Kyrkjetenar: Monica Ohr

mo886@kyrkja.no

Tlf. 412 04 198

Organist: Jørn Skauge

js234@kyrkja.no

BKF/Kirketorget: dåp/vigsel/gravferd

Tlf. 55 59 32 10

kirketorget.bergen@kyrkja.no

Besøksadresse: Marken 34

Vil du gje ei gåve?

Arna, konto: 1506.60.81157

VIPPS 11237

Ytre Arna, konto: 5081.08.12726

VIPPS 12191



**Tankar
om tru**

Våren vinn

Våren er her! Endå ein gong får me gleda oss over at lys og varme vinn over vinter og mørke – midt i alt som skjer. Når tre og bakkar grønkast og knoppene sprett, er det også ei forteljing om håp. At livet sigrar til slutt. For Gud, Skaparen vår, har ordna det slik at naturen «kviler» og vaknar til liv igjen; at det som synest dødt og øydelagd, likevel har livskraft i seg.

Når me feirar påske, minnest me Jesu død og oppstode; det er alvorstunge dagar frå palmesøndag fram mot langfredag, der Jesus døyr på korset. Mørket senkar seg bokstaveleg talt. Venene fortvilar, dei hadde håpa på ein annan slutt. Dei fleste stikk av i frykt eller resignasjon.

Påskeevangeliet er ei forteljing om liding og offer, men også om siger. For påskemorgon endrar alt seg! Nokre kvinner som går til Jesu grav, finn grava tom. Fleire av dei næraste venene til Jesus får sjå han som den oppstadne. Dei kan ta på han, snakka med han, ha måltidsfelleskap med han. Han var død, men døden kunne ikkje halda på han. Forvandlinga frå død til liv var dramatisk og ubegripeleg for dei, men litt etter litt demra det.

Påskeunderet er framleis ubegripeleg, men me kan la oss gripa av det; at kjærleiken er sterkare enn døden. «Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine. De er venene mine», sa Jesus.

Etter to år med pandemi ser me fram til å få feira påske i kyrkjene våre. Me kjenner godt til mørke og vondskap i oss og rundt oss, men me skal få lov til å tru at lyset og livskraftene er sterkare. Det gir grunn til håp!



Kristin Hjertaker | Prest



Temakveld om nattverd

Tysdag 5. april kl. 19 er det ny temakveld på Kyrkjelydshuset. Tema denne gongen er nattverd, nærare bestemt avsnittet frå 1. Korintarbrev, kapittel 11, der setninga «Gjer dette til minne om meg» førekjem to gonger. Denne teksten er den eldste bevarte nattverdsteksten frå Bibelen, og den blir sitert kvar gong vi feirar nattverd.

Kapellan i Søreide, Marte Birkeland Åsen, skreiv masteravhandlinga si om temaet på MF hausten 2018, og vil innleia samtalen med funna frå denne masteren. Velkommen!



Kapellan Marte Birkeland Åsen kjem til Arna på temakvelden 5. april.

César Franck 200 år Fire flotte orgelkonsertar i Arna kyrkje

César Franck er rekna som historias største orgelkomponist etter Bach. I år er det 200 år sidan han vart fødd. Gjennom ein serie på fire konsertar vil kantor i Arna, Olav Arne Steinkopf, og domkantor i Molde, Tone Synnøve Øygard Steinkopf, presentere komponisten sine 12 store orgelverk i Arna kyrkje.

Innan fransk orgelmusikk var César Franck (1822-1890) sentral både som utøvar og skapande musikal. Han var ein framifrå orgelkunstnar og verka i hovudsak i den nygotiske basilikaen Sainte-Clotilde i

Paris. Som komponist har han skrive fleire vesentlege verk – ikkje minst dei 12 store orgelverka som utgjer hjørnesteinane i orgelrepertoaret. Orgelet i Arna kyrkje passar spesielt godt til å framføre desse verka. Gratis inngang. Kollekt ved utgangen.

Dei fire konsertane:

Skjærtorsdag 14. april kl. 17
Søndag 26. juni kl. 13
Søndag 11. september kl. 13
Søndag 13. november kl. 18

Bli med i gospel-prosjektkor!

Hausten 2019 fekk Arna Gospelprosjektkor saman med Marianne Juvik Sæbø sin forrykande debut i Arna kyrkje. Ei oppfølging av prosjektet var planlagt, men måtte leggjast på is på grunn av korona. No gjer me eit nytt forsøk. Denne gongen medverkar i tillegg Arne Pareli.

Pareli har reist mykje på turné med salmar og gospel som sitt hovudområde. Han har òg sunge med sjølvaste Andraé Crouch.

I dette prosjektet vert arven etter Andraé Crouch ført vidare. Me skal syngja musikk av mellom andre: Kirk Franklin, Tore Aas (Oslo Gospel Choir) og Terje Kleppe (GospelCompagniet), i tillegg til musikk av Andraé Crouch sjølv. Det vert gospelgudstene i Arna kyrkje søndag 12. juni kl. 11 og konsert same dag kl. 18.

Prosjekthelg er 10. - 12. juni med øving fire torsdagar kl. 19-21 i forkant. Musikalsk ansvarleg/korinstruktør/bandleiar er Olav Arne Steinkopf. Dirigent helga 10.-12. juni er domkantor i Molde Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Medverkande er profesjonelle musikarar frå øvste hylle: Sigmund Vik på bass, Simen Walle på gitar og Sigurd Steinkopf på trommer.

Påmelding til Olav Arne Steinkopf os377@kirken.no innan 19. april. Deltakaravgift kr. 200 som inkluderer mat laurdag 11. juni.



Tone Synnøve og Olav Arne Steinkopf samarbeider om konsertserien med Franck-verk.

Konfirmasjonar 2022 Ytre Arna

Laurdag 30. april kl. 11.00

Mariell Haga Blomdal
Adrian Hagelin Fremmerlid
Sebastian Taule Gauteplass
Christian Aasgaard Hisdal
Martin Hodnekvam-Olsen
Emil Kvamsdal
Arne Markhus Paulsen
Angelica Wassberg Reigstad
Jonas Viken
Sara Viken

Sundag 8. mai kl. 11.00

Sander Arge Andreassen
Erik Heldal Brandsdal
Sara Bratvold
Cordelia Karin Fagermo
Cille Gullborg Fjelde-Jensen
Oscar Damian Janisz
Astrid Kallestad
Elias Kversøy-Sirkka
William Jacobsen Mikkelsen
Markus Presthus
Josefine Rivenes
Erik Tobias Helvik Sæle
Marcus Alexander Thorsen-Rinter



Eit knippe Arna-konfirmantar frå hausten 2021.

Konfirmasjonar 2022 Arna

Sundag 8. mai kl. 10.30

1. Cecilie Tørset Hansen
2. Dina Lekven Johnsen
3. Gjermund Kandal Tufteland
4. Kristian Askeland Leknesund
5. Lucas André Elvik
6. Lucas Robertsen Vader
7. Malin Åsheim Horvei
8. Ruben Egeland Reigstad
9. Thomas Tvetrås Sylta
10. Vilde Marie Helgø
11. William Stephansen

Sundag 8. mai kl. 12.30

1. Adam Fosse-Larsen
2. Alve Raad Oen
3. Brage Nielsen
4. Camilla Hagebø Instefjord
5. Eirik Dønne
6. Elias Lilleskare
7. Elise Hansen Oppedal
8. Iris Skistad Kaldestad
9. Johanne Gjerde Iversen
10. Lisa Hansen Fadnes
11. Malin Brekke
12. Matilde Opdahl
13. Mia Fjæreide
14. Siri Haugland Opheim
15. Veslemøy Baartvedt Ringheim

Laurdag 14. mai kl. 10.30

1. Adrian Lidtun Skorpen
2. Espen Nævdal
3. Fiona Håland Dæmring
4. Isa Erika Madell
5. Linnèa Rønhovde Hanstveit
6. Maren Herland Thomassen
7. Markus Pedersen
8. Mathea Adine Midtun-Tollefsen
9. Mina Sundland
10. Oda-Kristin Garmes Froestad
11. Robin Mikal Sortland
12. Sander Lohne Helgesen
13. Tiril Iversen Haukeland
14. Tobias Lekven Stokke
15. Tobias Dalaker Birkeland
16. Åsmund Vestrheim Kaasa

Laurdag 14. mai kl. 12.30

1. Aurora Magnussen Haugen
2. Joakim Flatås Tveit
3. Katrine Steinsland Haugsvær
4. Madeleine Off
5. Malin Johanssen Peterson
6. Maren Hauge
7. Maria Hauge Dijkstra
8. Matilde Gading Torma
9. Natalie Hausken Hansen
10. Nikolai Arstein Trovåg Fimreite
11. Selma Kvaale Sørensen
12. Sigrid Steinhaug
13. Silje Hope Birkeli
14. Thomas Dale Romslo
15. Trym Rystad

Sundag 15. mai kl. 10.30

1. Celine Helleve Wollertsen
2. David Takvam
3. Dina Amundsen
4. Joakim Lending
5. Jovard Tunestveit Karlsen
6. Lilja Jørgensen
7. Sean William Næverliid Hopen
8. Sindre Mathias Holtan Remes
9. Sjur Johannes Unneland
10. Trine Stefener

Sundag 15. mai kl. 12.30

1. Adrian Hauge
2. Alexander Ynnesdal
3. Brede Folkestad Olsen
4. Erlend Marelius Olsen
5. Francie Hulda Mallanta Sirseth
6. Lana Iversen Longvastøl
7. Lukas Litsheim Johnsen
8. Martin Borge
9. Martine Erstad Reigstad
10. Nora-Sofie Dalen
11. Oskar Tvedt-Flatabø
12. Synne Haga Trettenes
13. Thomas Flatebø Iversen
14. Vilde Risholm Miranda



Velkomen til konfirmasjon i Arna kyrkje!

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye venner! Du får lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske. Det viktigaste med konfirmanttida er å bli betre kjend med den kristne trua, der Gud seier ja til oss og vil vere ein del av livet vårt.

Konfirmanttida i Arna er satt saman av mykje forskjellig: Gruppesamlingar med ulike tema, fellessamlingar saman med heile konfirmantflokket, leir, gudstenester, og aktivitetar som skjer i kyrkja.

Før påske er konfirmantane med på Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon. Den avsluttande konfirmasjonsgudstjenesta er flott og høgtideleg.

Vi ynskjer at du skal kjenne deg som heime i kyrkja. At det er ein plass der du kan slappe av, prate med andre, ta del i det som skjer. Alle døypte som er fødd i 2008 får invitasjon i posten. Om du ikkje er døypt, kan du sjølv sagt vere med på konfirmasjonssamlingane. For å bli konfirmert, må du vere døypt. Så om du ikkje er det frå før, blir du det før konfirmasjonen.

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom nokon treng tilrettelegging, så finn vi dei gode løysingane saman.

I kyrkjelydshuset er det ungdomsklubb annankvar tysdag kl. 19:00-21:00. Der er det mat, leik, andakt og sosialt fellesskap. Alle ungdomar er velkomne der!

Det skal vere informasjonssamling i kyrkja der vi fortel meir om konfirmanttida. Dato for møtet er onsdag 1. juni kl. 1800-1900.

Konfirmasjonsdagane i 2023 er 7. mai, 13. mai og 14. mai.

I løpet av mai vil det kome informasjon og digital påmelding på Arna kyrkje si heimeside. I påmeldingsskjemaet kan du ynskje dato for konfirmasjon.

Følg med på www.kyrkja.no/arna

Vi gler oss til å møte deg!



Foto: Kyrkerådet

Har du lyst å bli konfirmert i Ytre Arna kyrkje?

I Ytre Arna bruker me eit opplegg som heiter Tentro. Det er laga av PinseUng, men me har fått lov å tilpassa det til vår bruk. Me samlast annankvar onsdag frå september til april, syng litt saman, får høyra litt om det som er emnet for kvelden, samlast i grupper og snakkar om det me har høyrte, og så et me saman til slutt - alt er unnagjort på om lag halvannen time. Siste helga i oktober dreg me på konfirmanthelg til Wallemtunet på Kvamskogen. Det plar vera eit

høgdepunkt. Fleire detaljar får du vita i informasjonsbrevet.

Alle som er døypte medlemmer av Den norske kyrkja, er folkeregistrerte i Ytre Arna, får i byrjinga av mai brev med registrerings skjema. Viss du ikkje er døypt, er medlem av eit anna kyrkjesamfunn, eller bur utanfor Ytre Arna sokn, men ønskjer å bli konfirmert i Ytre Arna, kan du ta kontakt med presten, Ingvar Fløysvik, anten på tlf. **916 06 626** eller e-post: if952@kyrkja.no.



Konfirmant i Arna?

Slik melder du deg på:

Påmelding til konfirmanttida i Arna opnar rett etter informasjonsmøtet 1. juni.

Gå inn på www.kyrkja.no/arna og fyll ut skjema for innskriving. Om du ynskjer, kan du få hjelp til påmelding rett etter møtet.

Spørsmål?

Ta kontakt med kateket Cathrine Snipsøy
Epost: cs262@kyrkja.no



Den gode, unge hjelperen, som heldt styr på talet: Julie Blomdal Haukås



Bjørkeris i løa til Magne Lien: Anne Karin Eikefjet, Vigdis Loftås, Nina Annie Monsen. Bak: Mary Vangsnes

Sanitetskvinnene i Ytre Arna

Ein ettermiddag i slutten av januar møtest nokre ivrige damer på Kyrkjelydshuset i Ytre Arna for å laga fastelavnsris. Flittige hender pyntar risa med fargerike fjør og gjer dei klar til å seljast når det nærmar seg fastelavn.

TEKST: JORUNN HAUKÅS/MARIT AUSTNES - FOTO: MARIT AUSTNES

Det er sanitetskvinnene i Ytre Arna som har kome saman for å binda årets fastelavnsris for sal i Ytre Arna, slik dei har gjort i mange år tidlegare. Magne Lien har hjulpet til med å henta bjørkeris i skogen sin. Det er ikkje lite som skal til når ein skal laga 225 fastelavnsris og nokre såkalla designhjarter. Ei fjør av kvar farge skal på kvart ris, og bunken med ferdige ris veks.

Innimellom arbeidet har sanitetskvinnene tid til ein kaffikopp, eit kakestykkje og litt drøs. Det er viktig for dei å ha det litt sosialt også når dei kjem saman!

Den fyrste sanitetsforeininga vart stifta i 1896, og i Ytre Arna vart Arne Fabrikkers Sanitetsforening stifta i 1909 av Fru Fredrikke Quam, dr. Gudrun Kolderup, fru Ingeborg

Aasgaard, fru apoteker Frølich, fru fabrikkbestyrar Koblick og fru banksjef Rongved. Etter 1 år hadde Saniteten 99 medlemmer, og kontingenten var 25 øre.

I dag har foreininga 104 medlemmer, men ein del av dei er passive. Laget har to æresmedlemmer, Esther Haugland og Ragnhild Natland. Laget stod i fare for å verta nedlagt for nokre år sidan, men då var det ei gruppe med kvinner som gjekk saman og fekk danna eit nytt styre, slik at laget og aktiviteten kunne halda fram.

Ytre Arna Sanitetsforening gjev stønad til forskning på kvinnesjukdomar, til «Min Dag i dag» som gjev ein minnerik dag til barn som er vanskelegstilte, og deler ut Orkla-posar til barnefamiljar. Ved ulukker og leite-

aksjonar stiller dei opp med mat og hus til hjelpemannskapa. Dei kjempar mot vald mot kvinner og for integrering av minoritetskvinner.

Fyrste måndag i månaden har dei møte i kyrkjelydshuset for alle eldre. Møta er frå kl. 11.00 – 13.30. I juni vert den tradisjonelle eldre-/medlemsturen arrangert, og dei inviterer til medlemsmøte med ulike foredrag om helse, kosthald m.m. Dei engasjerer seg og i TV-aksjonen og vennskapsdagen på Ytre Arna Skule.

Har du lyst å vita meir om Saniteten eller bli medlem, ta gjerne kontakt med leiar: Marit Austnes, tlf: **971 32 995**, mail: **maritaus@online.no**



Norske Kvinners Sanitetsforening er Noregs største kvinneorganisasjon

Mottoet til saniteten er:

***I dei små ting fridom,
i dei store ting semje,
i alle ting kjærleik.***

Dei har fleire viktige oppgåver som har endra seg med utfordringar i tida. Frå kampen mot tuberkulose til forskning på kvinnehelse. I dag er det naturleg at fokuset er på å lage trivelege treffpunkt for dei eldre og bidra til å setje fokus på

utfordringar dei unge har i dagens samfunn. Sanitetsforeningane har engasjert seg i «Ja betyr Ja» - kampanjen for rusen, som er ein haldningskampanje for denne gruppa ungdommar der dei får kunnskap om samtykke / ikkje samtykke til sex.



Det nyaste medlem: Kamilla Hella
Monsen med vesle Ferdinand



Den Eldste: Sigrid Gjesdal

Velkommen til opne barnehagar i Arna og Ytre Arna!

Innan opningstida kan du komme
og gå når du vil, og alt er gratis!



Sakkeus open barnehage

i Indre Arna kyrkjelydshus,
Lakslia 21

Mandag kl. 9-15.

Songstund kl. 11.00



Noa open barnehage

i Ytre Arna kyrkjelydshus,
Peter Jebsens veg 39.

Tirsdag kl. 9-14.30

Onsdag kl. 9-14.30

Torsdag kl. 9-14.00

Songstund kl. 11.00

Felles lunsj etter songstunda. Ta med matpakke.
Saft, te og kaffi får du hos oss.

Følg oss på Facebook: Sakkeus open barnehage og Noa åpen barnehage

Kjekt å komme ut og treffe folk

- Vi får god mat her på Arna Seniorsenter. Men kanskje er det slik at desserten er best, sier Torbjørg Mjelde med et lurt smil. Hun er ofte innom Seniorsenteret, som holder til i Kyrkjelydshuset i Indre Arna.

TEKST OG FOTO: AUDUN STØLÅS



Kjøkkenassistent Liv Gjellesvik og frivillig Britt Frantzen Iversen serverer raspeballer.

- Maten er god også de dagene det ikke blir servert raspeballer, sier hun. Det er kjekt å komme ut og treffe folk. Og så er det veldig hyggelige folk her, både de som jobber her, de frivillige og de andre gjestene. Hjørdis Killi og Ruth Romslo synes også at raspeballene smaker godt. Slik det er nå, står raspeballene fast på programmet den siste torsdagen i måneden.

Nydelige raspeballer

- For min del kunne det gjerne blitt servert raspeballer to ganger i måneden, sier Ruth Romslo. Hun konstaterer at det er mye folk innom Seniorsenteret på de torsdagene det blir servert raspeballer. På den første torsdagen med raspeballer i år, var det om lag 40 besøkende.

Allsidig på seniorsenteret

De to er innom Seniorsenteret for å spise middag en og annen gang ellers også. Og de går fast på seniordansen om tirsdagene. Da koser de seg med kaffe og pannekaker etter dansen. Hjørdis Killi mener også at det kunne vært arrangert quiz på Seniorsenteret. Arna Seniorsenter ble startet for 31 år siden i et samarbeid mellom Røde Kors, Husmorlagene, Arna menighet og Bergen kommune. Daglig leder Kari Aakre Høgli forteller at tiden for middagsserveringen nå er endret. Senteret er åpent tirsdager og torsdager mellom klokken 10 og 15. Middagen blir nå servert fra klokken 12.30 til 14.30. Underholdning og andre programinnslag skjer i forkant av det, fra klokken 11.45.

Det er altså raspeballer den siste torsdagen i måneden, stort sett. Folk er veldig velkommen også de andre dagene vi har åpent, sier hun. En dag i mai er det også mai-fest.

Hjemlevering

Folk som ønsker det, kan også få kjørt middag hjem til seg tirsdager og torsdager. Det er bare å ringe seniorsenteret på telefon 55 24 13 13, så ordner vi det. Bussen til Frivillig-sentralen henter de som ønsker å spise på senteret, og kjører dem hjem igjen etterpå.

Dans og trim

Det er seniordans hver tirsdag fra klokken 10.30. Om torsdagene er det trimgruppe. Og så er det bingo av og til.



Grøtlørdag er en perfekt anledning til å bygge duplo! Christian Salvesen med guttene sine.



Bak: Reidun Bjørnberg, den første daglige leder på Seniorsenteret og Kari Aakre Høgli, daglig leder nå. **Foran:** Kirsten Grøteide, Leif Grøteide og Jorunn Dahle.



Ruth Romslo og Hjørdis Killi liker godt raspeballer. De er også med på seniordans om tirsdagene.



Svanhild Olsen-Lie er en av de frivillige medarbeiderne på grötlørdag. Mellom 50 og 100 porsjoner serveres hver gang.

Grøtlørdag for alle

Siste lørdag i måneden er det grötlørdag på kyrkjelydshuset fra kl. 12-15. Grøten er nydelig, og alle er hjertelig velkommen.

TEKST OG FOTO: KRISTIN HAUKAAS

Det hører liksom med til lørdagen at familien samles rundt bordet for å spise risengrynsgrøt. På kyrkjelydshuset øker bordet i omkrets til å inkludere venner, naboer, storfamilien, gamle venner og nye venner.

Allerede i garderoben forteller lyden at dette er en fin lørdag. Inne sitter noen og spiser risengrynsgrøt og prater. Noen barn løper rundt, og andre sitter på gulvet og leker. Noen barn og voksne har funnet veien til bordene med formingsaktiviteter. Og noen viser fram hobbyen sin.

Det er en sånn fin summing i lokalet, pratene går lett og stemningen er god. Svanhild smiler stort og øser opp en god skål med grøt, og en kjenner seg inkludert og velkommen.

Grøtlørdag er et tilbud for alle, og det koster ingenting. Her kan mennesker i alle aldre komme sammen og bare være. God mat, gode samtaler, et godt fellesskap – med plass til flere. Arrangør er Sakkeus Åpen barnehage og Diakonitvalget i Arna kyrkjelyd.

Nytt kyrkjeblad

og nye støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det nye og heilt lokale Kyrkjebladet, med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

FOR ARNA SOKNERÅD: Hans Martin Svarstad - FOR YTRE ARNA SOKNERÅD: Jorunn Haukås



NorEngros

K.J. Brusdal AS

ARNA
glass as

saftsuse®
PRODUSERT AV FAMILIEN OSBERG

Garanti for Kvalitet



**ØYRANE
TORG**

A|S|K|O
- vi forsyner Norge med mat

Ta kontakt for taksjekk og uforpliktende tilbud

**BYGGMESTER
JOSTEIN GARNES AS**

Garnesvegen 128, 5264 Garnes
Postadr: Postboks 233 Indre Arna, 5888 Bergen
Tlf. 55 24 21 38. Faks 55 24 21 25.
E-Post: post@josteingarnes.no www.josteingarnes.no

40 ÅR
1978 - 2018

MEMBER

COOJENT FOR
ANDREKSTET

www.mersterhus.no

Thunestvedt

En god kobling



**Ditt lokale
verksted**



Stamneshagen Auto AS

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

**ABORA
PROSJEKT AS**

Ingeniør & byggmesterfirma



www.abora.no



Tlf. 55 36 77 88



Dreneringsarbeid på Mjeldheim

TEKST OG FOTO: ERIK RODAL

Enkelte av feltene på Mjeldheim gravplass har gjennom mange år slitt med dårlig drenering. Mye vann etter regnskyll har blitt liggende som overvann og ikke rent ned i grunnen.

Mangelen på god drenering har da også medført at deler av plenen på kirkegården har blitt omgjort til torv, forteller Anne Bjordal Jønsson fra Gravplassmyndigheten i Bergen. Hun er også kjent med at det til tider har vært så mye overvann på de berørte feltene at en har måtte bruke støvler.

Gravplassmyndigheten begynte derfor i høst et omfattende dreneringsarbeid for å utbedre dette. Et arbeid som vil pågå utover mot sommeren.

Arbeidet innebærer at de vil skifte ut topplaget på flere av feltene. Og erstatte det med jord som vannet kan dreneres gjennom. Topplaget utgjør bare de øverste 30 cm.

Å fjerne topplaget berører slik ikke gravene, men enkelte steder har de midlertidig måtte flytte på gravsteinene. De vil plasseres tilbake etterhvert som arbeidet sluttføres. Og jorden vil såes til. Anne Bjordal Jønsson vil gjerne understreke at selv om dette bare er midlertidig, informerer de alle som er oppført som formelt ansvarlig for gravstedet, før de fjerner gravsteinen.

I tillegg til å fjerne topplaget fra enkelte felter har det også foregått et omfattende dreneringsarbeid ved grøfning. I samarbeid med Bergen Vann har også enkelte rør og kummer blitt byttet ut.

For mere informasjon kan Gravferdsmyndigheten kontaktes på telefon **55 59 32 01**.



Slekters gang

DØDE ARNA

Magnhild Litangen
Turid Karin Mjelde
Aslaug Garnes Johnsen
Ester Thorbjørnsen
Karen Gyda Skålvoll
Merete Bakke Schink
Jan Arthur Thunestvedt
Ethel Sonja Wicks Monstad
Ruth Tyssedal
Kirsti Thesen Sælen
Björg Solberg
Magnhild Lohne
Esther Alvilde Lekven
Kjell Ivar Tøsdal
Dagmar Rigmor Bjørsvik
Gunhild Mortensen
Norvald Andreas Johannessen
Per Tjoflot
Alf Per Heggheim
Ester Ruth Lone
Vidar Hårvik

DØDE YTRE ARNA

Bente Marit Jacobsen Mikkelsen
Berta Austgulen
Karin Kalsås
Leon Kalsås
Else Marie Loftås
Åge Mjelde

VIGDE YTRE ARNA

Pernille Iden og
Kenneth Andersen Stråtveit

DØYPTE ARNA

Mikkel Kvåle Brødsgaard
Mathilde Lilletvedt Morken
Trym Nævdal Reigstad
Oliver Espeseth Bolstad
Dennis Eriksen Flataker
Filip Andersen Hjelle
Theodor Zarzycki Jørgensen
Oskar Vågenes
Odin Thunes Danielsberg
Ariana Tveraabak Barhag
Aron Tveraabak Barhag
Elina Bratland Berg
Liam Simonsen Eikanger
Aurora Haugsvær
Ella Lien Hansen
Johanna Strømmen Vedå
Sofie Hammersland Kalland
Ailo Vevang Krüger
Lilly-Othelia Egesund Reknes
Jenny Alida Hansen Schrøen
Gabriel Aleksander Sobieraj Vellesvik
Pernille Knutsen Røgelstad
Ingvild Akselberg Aakenes
Ferdinand Hella Monsen

DØYPTE YTRE ARNA

Victoria Husdal
Andreas Vik Halland

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen, og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna

www.kyrkja.no/ytrearna

Velg fana «dåp», «ny registrering» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjekontoret eller ein av prestane direkte.



Foto: Bo Mathisen/Kyrkjerådet

Tlf. Arna kyrkjekontor:
55 36 22 70

Tlf. Ytre Arna kyrkjekontor:
55 36 22 73



Gudstenestekalender

Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing.
Arna: Kristin Hjertaker, Mobil: **414 79 182**, Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: **916 06 626**

27.03.

Maria Bodskapsdag
Arna kyrkje kl. 11:
Temagudsteneste.
Hjertaker.

03.04.

4. søndag i fastetida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste.
Hjertaker. Fasteaksjon.
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Samtalegudsteneste.
Fløysvik.

10.04.

Palmesundag
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

14.04.

Skjærtorsdag
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Hjertaker.
Arna kyrkje kl. 18:
Gudsteneste. Hjertaker.

15.04.

Langfredag
Arna kyrkje kl. 10.30:
Orgelresitasjon. Steinkopf.
Arna kyrkje kl. 11:
Pasjonsgudsteneste. Fløysvik.
Ytre Arna kyrkje kl. 18:
Pasjonsgudsteneste. Fløysvik.

17.04.

Påskedag
Arna kyrkje kl. 12:
Høgtidsgudsteneste.
Hjertaker.
Ytre Arna kyrkje kl. 12.00:
Høgtidsgudsteneste.
Fløysvik.

18.04.

2. påskedag
Betania kl. 11:
Gudsteneste. Hjertaker.

24.04.

2. søndag i påsketida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste for små og store.
Hjertaker. Barnas påskefest.

30.04.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Konfirmasjon. Fløysvik.

01.05.

1. mai
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Jakobsen.
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
1.-mai-gudsteneste. Fløysvik.

08.05.

4. søndag i påsketida
Arna kyrkje kl. 10.30
og 12.30: Konfirmasjon.
Hjertaker.
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Konfirmasjon. Fløysvik.

14.05. og 15.05.

5. søndag i påsketida
Arna kyrkje kl. 10.30
og 12.30:
Konfirmasjon. Hjertaker.

17.05.

17. mai
Arna kyrkje kl. 11.30:
Gudsteneste. Jakobsen.
Ytre Arna kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

22.05.

6. søndag i påsketida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Hjertaker.
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

26.05.

Kristi Himmelfartsdag
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

29.05.

Søndag før pinse
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Grutle.

05.06.

Pinsedag
Arna kyrkje kl. 11:
Høgtidsgudsteneste.
Hjertaker.
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Høgtidsgudsteneste.
Fløysvik.

12.06.

Treiningssundag
Arna kyrkje kl. 11:
Temagudsgudsteneste.
Hjertaker.
Gospelprosjekt.

19.06.

2. søndag i treiningstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Abelsæth.
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

26.06.

3. søndag i treiningstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Hjertaker.

03.07.

4. søndag i treiningstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Hjertaker.

10.07.

5. søndag i treiningstida
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Hjertaker.

17.07.

Aposteldagen
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Grutle.

24.07.

7. søndag i treiningstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik

31.07.

8. søndag i treiningstida
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik

07.08.

9. søndag i treiningstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik

14.08.

10. søndag i treiningstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Hjertaker
Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik

21.08.

11. søndag i treiningstida
Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste for små
og store. Hjertaker.
6-åringar.

Konfirmant 2023?



Du finn info
om opplegg
og påmelding
på side 4-5.

Støtt Kirkens Nødhjelp!



Ta vel imot bøsse-
berarane 3. april!

Vipps til **2426** om du
ikkje har kontantar.

I år er Fasteaksjonen delt
mellom naudhjelp til Ukraina
og vass-prosjekt i Malawi.